

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-014	18/511

Saknr	Utval	Type	Dato
006/2020	Valnemnda	PS	04.06.2020
040/2020	Kommunestyret	PS	18.06.2020

Val av meddommarar til lagmannsretten for perioden 01.01.2021 - 31.12.24

Vedlegg:

Journalposttittel

Informasjon - val av meddommarar for perioden 01.01.2021-31.12.2024

Dato

06.05.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meddommarar til lagmannsretten for perioden 01.01.21 – 31.12.24 er:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune skal etter kommunevalet i haust velje meddommarar til lagmannsretten.

Lov om domstolane (domstolloven) § 66 slår fast at meddommarar skal veljast av kommunestyret sjølv. Valet gjeld for 4 år.

Dei nye kommunestyra som vart valt hausten 2019, skal innan 01.07.2020 velje meddommarar til lagmannsretten for perioden 01.01.2020 – 31.12.2024.

Det skal vere to utval for meddommarar til lagmannsretten; eitt for kvinner og eitt for menn (jf dl § 64). Masfjorden kommunestyre skal velgje ei kvinne og ein mann til utvala for meddommarar til lagmannsretten for perioden 01.01.20 – 31.12.24.

Domstolova § 68, 3.ledd slår fast at ingen kan veljast til meir enn eitt av utvala for meddommarar til lagmannsretten og tingretten. I brev frå Domstoladministrasjonen dagsett 18.12.19 er dette forklart slik:

Samme person kan ikke velges til både å sitte i utvalget til lagmannsretten og til tingretten, jf dl § 68 siste ledd. Men for øvrig kan alle ulike kombinasjoner velges. For eksempel kan samme person være meddommer både i tingretten og jordskifteretten. Vedkommende kan i tillegg være

skjønnsmedlem.

Fakta

Domstollova § 67 seier at utvala av meddommarar skal ha ei allsidig samansetning som best mogeleg speglar alle deler av kommunane sine innbyggjarar. Kommunane må difor oppmoda ålmenta til å foreslå kandidatar ved annonse i lokalpressa eller på heimesida. Masfjorden kommune hadde slik annonse på heimesida og i avisa Strilen (6.mai) med frist til 19.mai for å kome med forslag til kandidatar. Det kom inn tre kandidatnamn som begge er oversendt valnemnda.

Meddommarar skal gjere teneste i saker i lagmannsretten der lekdommarar skal ta del i avgjerda. Dette vil hovudsakleg dreie seg om straffesaker.

Krav til dei som skal veljast til meddommar er gjort greie for i eige skriv frå domstoladministrasjonen (sjå vedlegg) og inneheld tema som:

- krav til norskkunnskap
- personleg egnethet
- Aldersgrenser (21 – 70 år ved periodestart)
- Stemmerett
- Økonomiske forhold

Vidare i skrivet er det gjort greie for kven som er utelukka til val som meddommarar og inneheld tema som:

- Utelukking på grunn av stilling (gjeld bl.a. rådmann, valnemnd og sekretær i valnemnd)
- Utelukking på grunn av vandel

Konklusjon

Masfjorden kommunestyre vel ei kvinne og ein mann til utvala for meddommarar til lagmannsretten for perioden 01.01.20 – 31.12.24.

Valnemnda - 006/2020

VA - behandling:

Saka vart drøfta.

Det vart sett fram framlegg om at Liv Oda Dale og Sigmund Holmaas vart vald som meddommarar til lagmannsretten.

VA - vedtak:

Meddommarar til lagmannsretten for perioden 01.01.21 – 31.12.24 er:

- **Liv Oda Dale**

- **Sigmund Holmaas**

Kommunestyret - 040/2020

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Meddommarar til lagmannsretten for perioden 01.01.21 – 31.12.24 er:

- **Liv Oda Dale**
- **Sigmund Holmaas**